

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3

Emnenr. 2

Fylke: Opland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Etnedal

Emne: Transport av høy.

Bygdelag:

Oppskr. av: Lærer Martin Lundstein

Gard: Fossheim

(adresse): Bruflat

G.nr. 131 Br.nr. II

A. ~~Merk av om~~ oppskrifta er <sup>mest</sup>vetter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Høyberginga har her alltid gått for seg på ulike måtar på større gardar og mindre bruk. Både gardar og husmansbruk hadde frå gamal tid slått og lauving i utmark og på storrmymar. No er det slutt med slikt på gardane. I dei siste 50-60 år veit ein ikkje av at gardane har drive høysting i utmark og på skogsmymar. På småbruk finst det dei som driv litt med det enno. Der dei høystar, har dei då ei liti løe-lyu seier me her-. Foret og lauvet blir turka ute, og når det er turt nok, blir det bore inn i eit vanleg reip eller allerhelst i ein børsvoik, tillaga av ei mjuk ung bjørk, som det er vridd ei lykkje på i topenden, som rotenden av svolken blir tredd igjennom når böra er ferdig. Ei slik bör, som vanleg består av 3 eller 4 kjembor, den eine lagt oppå den andre, kan vera 30-40 kg. tung, alt etter som beraren er. Ein står bak og lyfter på nan böra, om det er nokon til det. Böra ber ein mest stött på vinstre aksel. Rodde eller rodde-sekk er ukjent her. Høyet frå desse utslåttone dreg dei heim på skikjelke på vinterføre, aldri på sumarføre. Høykjöyring på sloe -eller slodd som me kallar det her -har vore lite eller inkje brukt her, og nöykjöyring på den i punkt 2 nemde doning (4 langsgå-

ande stavar, höytang ) kjenner me ikkje noko til her.  
Löypestreng har ikkje vore i bruk her, frårekna ein  
streng, som ein mann nord i Byfeligrenden, Anton på  
Stubbø, for nokre år sia, sette opp mest til veafragt.  
Høy-eller grasfragtting på kipe kjenner me ikkje til.  
Å leggja höyböra på ei vanleg trillarbar og trille  
i hus istadenfor å bera, har nok vore brukt, og bru-  
kast av og til.

I gamal tid var det berre meislede, som vart brukt  
på gardane til å få höyet i hus. Sleden, som hadde  
grindar på sidone, var som oftast trestengte for sli -  
tasjen skuld. På husmansplassar og mindre bruk bar  
dei höyet inn i börsvlok eller eit vanleg reip, og  
det brukast den dag i dag. Noko<sup>m</sup> skil på byrdareip og  
gyrdareip veit me ikkje det har vore tale om her.  
Å legja höyet på ei bære, tillaga av tvo staurar med  
nokre tverrtre over og bore av tvo menn var mindre  
i bruk, men ein såg det av og til.

På gardane bruktest hjulslede både til høy-og korn-  
kjöyring. Dei fyrste hjulsledane ein kjenner, hadde  
eit hjulpar bak og stutte meiar som oftast med tre-  
skonning for slitasjen skuld i stadenfor framhjul.  
Bonde Ola Breie, no 91 år gamal, fortel at so vidt  
han veit, var det ikkje andre sledar i bruk her til  
høy og kornkjöyring for millom 1850/og 1860.

Sleden som då kom i bruk, og som me no har, har 4 hjul,  
dei tvo fremste minst, på lag 40 cm i diam. dei tvo  
bakhjul på lag 70 cm. Vanleg <sup>lang og 80-90 cm</sup> 2 1/2 m. v breid i botn, med  
~~XXXXXXXXXXXX~~  
grindar, som letvint kan hektast av og på, og som står  
på skrå, so <sup>sleden</sup> ~~den~~ blir noko breidare ovan til. Höystonga,  
som dei for det fyrste bandt på med eit reip, blir  
no hekta fast i ein jarnkrok fremst og bak på sle-  
den, so den er lett å leggja på og taka av. Eit slikt  
hjulsledalass reknar dei for eit skipund, eit vinter-

lass reknast for noko meir.

Når det ikkje er folkehjelp nokk, kan det hende at det blir liggjande att noko av høynaugen, som dei ikkje har tid til å hefta seg med å raka saman. Dette som soleis ligg att kalla dei "ettetak" og blir gjerne henta etterpå.

På mindre gardar og bratlente bruk bruktest som oftast og brukast tildels enno høykjerre. D.e ein do-ning på skap som ein hjulslede, men lettbygd og berre med eit hjulpar midt under, og kan dragast av ein mann eller hest, etter som det er høve til. Det vart noko mindre lass på ei slik kjerre enn på ein hjulslede sjölv sagt. Ein kjenner ikkje til at der her har vore brukt meir enn ein hest til nokon av desse sledane.

Felleslått, som nemt i punkt 5, har her ikkje vore vanleg, om so bar til, at tvo hadde høysting i hop ein kvar gong, so delte dei gjerne høyet i høygolv et ved å hogge høykaggen i tvo med ei breid öks, helst med ei timbermansbile. Vekt vart vist aldri brukt i eit slikt høve.

Dei fleste gardar i bygden og sume småbruk med hadde seter eller stöl inne på fjellet. mest alle stölar med stölsjorde-setervollar-. Her har det heilt til denne tid vore brukt berre meislede i slåttonn. Seter-slåtten tok ikkje til förenn dei var ferdige heime på garen. Når høyet um vinteren skulde köyrast heim, samdest stölseigarane, som hadde stölar i same setergrend, um kva dag dei skulde bröyte veg, og alle mötte då opp med hest og slede og elles den reidskap som trongst. Låg ein stöl avsides, so eigaren vart xå åleine um vegen, so hende det at han vande hesten sin til å gå på trugar og dra lasset. Sjur Beinstigen,

4

<sup>1</sup>  
 bror til bestefar møn, kjörde höyet frå Lærnings-  
 setra på den måten år etter år. Det var i tida 1880-  
 1900. No, det er vorte so bra med vegar i fjellet,  
 trengst vel ikkje  
~~er det ingen her no, som kjörer heim seternöyet på~~  
 på den måten.

4

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
 adr. NORSK FOLKEMUSEUM  
 BYGDØY

3

~~bror til bestefar min, kjörde höyet frå Lærningse-  
 tra år etter år på den måte. Det var i tida frå  
 1880 - 1900. No det er vorte so bra med vegar i fjel-  
 let, trengst vel ikkje det lenger, og so vidt ein veit.  
 er det ingen her no som kjörer heim seternöyet på  
 den måten.~~